




Utval:	Helse- og omsorgsutval
Møtestad:	Møterom, Midsund omsorgssenter
Dato:	15.04.2016
Tid:	09:00

Vi minner om reglane i kommunelova om møteplikt og lovleg forfall, og rett til fri frå arbeid. Forfall med grunngeving må meldast snarast på telefon 71270500. Varamedlemar skal ikkje møte utan særskilt innkalling. Dersom det er behov for meir informasjon i sakene, ta kontakt med rådmann før møtet. Innsyn i ikkje utsendte saksdokument kan du få ved å henvende deg til servicetorget. Nye forslag/endringsforslag bør vere utforma på førehand for å sikre betre møteeffektivitet. Eventuelle habilitetsspørsmål bør avklarast med ordføraren før møtet.

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 16/3	Godkjenning av protokoll Referatsaker	
PS 16/4	Søknad om serverings- og skjenkeløyve ved konsertarrangement i Risvika 22. april 2016	2016/116
PS 16/5	Årsmelding - årsrekneskap	2016/169

Midsund 11.04.2016

Lars Hagseth
Leiar
Malvin Gjendem Bjørnerem
Utvalsekretær

PS 16/3 Godkjenning av protokoll

Referatsaker



Utval:	Helse- og omsorgsutval
Møtestad:	Midsund omsorgssenter
Dato:	04.03.2016
Tid:	09:00

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Parti
Lars Joar Hagseth	LEDER	AP
Eli Linda Nesje	NESTL	KRF
Svein Misund	MEDL	V
Liv Sissel Fanum	MEDL	SP

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Vara for:	Parti
Oline Blø	MEDL	AP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Leif Arne Lagesen	Einingsleiar
Elin-Grete Vatnehol	Planleggar
Astrid Abelseth	Rådgjevar stab
Malvin Gjendem Bjørnerem	Utvalsekretær

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Lars Joar Hagseth

Eli Nesje

Liv Sissel Fanum

Svein Misund

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 16/1	Godkjenning av protokoll Referatsaker	
PS 16/2	Bygdheim forsamlingshus - Søknad om skjenkebevilling for ei bestemt anledning 25.-27. mars 2016	2016/43

Det vart halde møte i Helse og omsorgsutvalet den 04.03.2016 ved Midsund omsorgsenter.
Møtet vart leia av Lars Joar Hagset.
Møtet tok til kl 09:05.

Under referatsaker orienterte einingsleiar Leif Arne Lagesen om følgjande:

- Øyeblikkelighjelp
- Døgnopphold
- SHV, Sjukepleierhåndboka: blir gjort tilgjengelig som en app for alle tilsette
- Demensplan 2020
- Registrering av psykisk utviklingshemmede
- Besøk av Kompani Kropp på sjukeheimen
- Sjukefråværet 2015 og jan-feb 2016
- Budsjett, økonomi

PS 16/1 Godkjenning av protokoll

Samrøystes vedtak i Helse- og omsorgsutval - 04.03.2016

Protokoll frå møte i Helse og omsorgsutvalet den 26.11.2015 vert godkjent.

PS 16/2 Bygdheim forsamlingshus – Søknad om sjenkebevilling for ei bestemt anledning 25. - 27. mars 2016

Forslag til vedtak:

Bygdheim forsamlingshus får løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 i samband med gjennomføring av arrangement i tidsrommet 25.03.2016-27.03.2016.

Løyvehavar:	Bygdheim forsamlingshus
Skjenkestad:	Bygdheim forsamlingshus
Styrrar:	Dan Eivind Rakvåg, f. 25.01.1980
Nestansvarleg:	Ingebjørn Orvik, f. 21.09.1966
Alkoholvare:	Alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2, dvs. drikk som inneheld mindre enn 22 volumprosent alkohol
Type løyve:	Løyve for ein bestemt anledning jf. § 1-6, 2 ledd i Alkohollova
Løyveperiode:	25.03.16-27.03.16
Skjenkeareal:	Dansesal 1. et., Kinokroa og Kinosalen i 2. et.
Skjenketid:	25.03.16-26.03.16 kl 22.00-02.00. 26.03.16-27.03.16 kl 22.00-02.00.
Løyvegebyr:	Jf. § 7-1, 2. ledd i Alkohollova fastset Midsund kommune løyvegebyr. Løyvehavar skal levere omsetningsrapport til kommunen.
Vilkår:	Pålegg frå politiet knytt til ordensvakter må etterkomast.

Behandling i Helse og omsorgsutvalet:

I saksutgreiinga kjem det fram at på fredag vil arrangementet ha 15 års aldersgrense. Det vert då nytta tofarga armband for å skilje mellom over og under 18 år. Dette vart foreslått tatt med i vedtaket. Laurdag har arrangementet 18 års grense.

Det var lagt fram eit alternativ forslag om å heve grensa 18 år på fredag.

Det vart votert over forslaget og det alternative forslaget fall med 1 mot 3 stemmer.

Vedtak i Helse- og omsorgsutval - 04.03.2016

Bygdheim forsamlingshus får løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 i sarnband med gjennomføring av arrangement i tidsrommet 25.03.2016-27.03.2016.

Løyvehavar:	Bygdheim forsamlingshus
Skjenkestad:	Bygdheim forsamlingshus
Styrar:	Dan Eivind Rakvåg, f. 25.01.1980
Nestansvarleg:	Ingebjørn Orvik, f. 21.09.1966
Alkoholvare:	Alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2, dvs. drikk som inneheld mindre enn 22 volumprosent alkohol
Type løyve:	Løyve for ein bestemt anledning jf. § 1-6, 2 ledd i Alkohollova
Løyveperiode:	25.03.16-27.03.16
Skjenkeareal:	Dansesal 1. et., Kinokroa og Kinosalen i 2. et.
Skjenketid:	25.03.16-26.03.16 kl 22.00-02.00. 26.03.16-27.03.16 kl 22.00-02.00.
Løyvegebyr:	Jf. § 7-1, 2. ledd i Alkohollova fastset Midsund kommune løyvegebyr. Løyvehavar skal levere omsetningsrapport til kommunen.
Vilkår:	Pålegg frå politiet knytt til ordensvakter må etterkomast. Det skal nyttast tofarga armband for å skilje mellom over og under 18 år på arrangementet fredag 25.03.2016.

Drøfting av Alkoholpolitisk plan.

Møtet vart heva kl 11:25.



Saksframlegg

Søknad om serverings- og skjenkeløyve ved konsertarrangement i Risvika 22. april 2016

Utvalsak	Utval	Møtedato
16/4	Helse- og omsorgsutval	15.04.2016

Forslag til vedtak:

Midsundfestivalen får løyve til å skjenke alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 i samband med gjennomføringa av konsertarrangementet i Risvika 22. april 2016.

Løyvehavar:	Midsundfestivalen
Skjenkestad:	Naust gnr.57 bnr.10
Styrrar:	Lars Jarle Jensen, f. 02.04.1967
Nestansvarleg:	Gunnar Kvalsund, f. 01.08.1954
Alkoholvare:	Alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2, dvs. drikk som inneheld mindre enn 22 volumprosent alkohol
Type løyve:	Løyve for ei bestemt anledning jf. § 1-6, 2. ledd, 2. pkt i Alkohollova
Løyveperiode:	22.04.16 – 23.04.16
Skjenkeareal:	I naust gnr.57 bnr.10 med tilhørande telt på enden samt område rundt avgrensa med gjerde som vist på kart/skisse
Skjenketid:	22.04.16 – 23.04.16 kl 18.00 – 02.00
Løyvegebyr:	Jf. § 7-1, 2. ledd i Alkohollova fastsett Midsund kommune løyvegebyr. Løyvehavar skal levere omsetningsrapport til kommunen
Vilkår:	Pålegg frå politiet knytt til ordensvakter må etterkomast.

Saksutgreiing:

Midsundfestivalen v/styreleiar Lars Jarle Jensen søker om skjenkeløyve gruppe 1 og 2 (øl og vin) i samband med konsert med Steinar Raknes i Risvika den 22. april d.å. Arrangementet er i samarbeid med grunneigar i Risvika gnr. 57 bnr.10.

Skjenketida det er søkt om er frå kl 18.00 – kl 02.00. Slutt kl 03.00.

Av søknaden går det fram at konserten skal arrangerast i eit naust merka med 57/10 med tilhørande telt på enden, samt i området rundt avgrensa med gjerder (sjå vedlagt kart/skisse) i Risvika

Iflg. Alkohollova og tilhørande forskrifter er nemninga øl og vin inndelt i grupper etter alkoholinnhaldet slik:

Gruppe 1: - drikk som inneheld over 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol

Gruppe 2: - drikk som inneheld over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol.
Jf. Alkohollova § 1-5 er nedre grense for sal, skjenking eller utlevering av alkoholhaldig drikke gruppe 1 og 2 18 år.

Av søknaden går det fram at Lars Jarle Jensen er sett opp som skjenkestyrar og Gunnar Kvalsund som nestansvarleg.

Når skjenkeløyve vert gjeve etter § 1-6 2. ledd, 2. pkt i Alkohollova vert det ikkje sett krav om avlagt/bestått kunnskapsprøve jf. § 1-7c 3. ledd i same lov. I dette tilfelle har imidlertid både styrar og nestansvarleg avlagt/bestått kunnskapsprøva.

Iflg. Alkohollova § 7-1 2. ledd skal løyvegevar fastsette gebyr for skjenkeløyve gjeve for ei bestemt anledning.

I telefon med saksbehandlar har Lensmannen gjeve melding om at han ikkje har nokon politimesige merknader til søknaden.

Vurdering:

Søknaden må sjåast på som ei ordinær kommunal bevilling avgrensa for eit enkelt arrangement jf. Alkohollova § 1-6 2. ledd, 2. pkt. Innehavar av skjenkeløyve må sjå til at Alkohollova med forskrifter vert følgd under arrangementet. Midsund kommune står fritt til å utføre kontroll med skjenking under avvikling av arrangementet.

Sluttida for arrangementet er sett til kl 03.00 og skjenkeslutt sett til ein (1) time før sluttida dvs. kl 02.00. Avslutting av alkoholservering ein (1) time før sluttid er likt med dei andre skjenkeløyva i kommunen.

Konklusjon:

Med bakgrunn i ovanfor nemnde finn Rådmann å kunne tilrå at Midsundfestivalen får løyve til å skjenke alkoholhaldig drikke gruppe 1 og 2 i samband med gjennomføringa av arrangementet 22. april 2016.

Skjenketid for alkoholhaldig drikke gruppe 1 og 2 vert slik: kl 18.00 – kl 02.00

Skjenkeareal i naust gr.57 bnr.10 med tilhøyrande telt på enden samt område rundt avgrensa med gjerde som vist på kart/skisse.

Skjenkestyrar er Lars Jarle Jensen

Nestansvarleg er Gunnar Kvalsund

Ketil Ugelvik
rådmann

Astrid Abelseth
rådgjevar

Vedlegg (prenta): Søknad om skjenkeløyve m/vedlegg

Vedlegg (uprenta): Komplette saksmappe

Alkohollova og alkoholforskrift

Særutskrift går til: Midsundfestivalen v/Lars Jarle Jensen, 6475 Midsund

Lensmannen i Sund, Aukraringen 11, 6480 Aukra

Nordfjeldske Kontroll, 7282 Bogøyvær



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2016/169-1
Arkiv: 004
Saksbeh: Ketil Ugelvik
Dato: 04.04.2016

Saksframlegg

Årsmelding - årsrekneskap

Utvalsak	Utval	Møtedato
16/3	Oppvekst- og kulturutval	14.04.2016
16/2	Rådet for funksjonshemma	14.04.2016
16/5	Helse- og omsorgsutval	15.04.2016
	Eldrerådet	
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

1. Årsrapporten for Midsund kommune 2015, som inneheld årsrekneskap og årsmelding vert godkjend. Driftsrekneskapen viser eit mindre-/meirforbruk på kroner 0.
2. Investeringsrekneskapen viser eit mindre-/meirforbruk på kroner 0.
3. Finansrapporten per 31.12.2015 vert godkjend.

Saksutgreiing:

Rådmannen har utarbeidd årsrapporten, jf Kommunelova § 48.1 der det vert vist til kommunen si plikt til å utarbeide årsmelding og årsrekneskap. Same paragraf seier meir om kva årsrapporten skal innehalde og omtale.

Årsrapporten er ei samla framstilling der årsrekneskapen med revisjonsmelding, finansrapport, samt årsmelding for 2015 vert lagt fram til politisk behandling.

Årsrapporten gir ei oversikt over kva Midsund kommune produserte av tenester i 2015. Rapporten fortel og noko om omfang, kvalitet og ressursbruk. I samband med evalueringa av dette arbeidet vil administrasjonen sterkare fokusere på arbeid med kvalitet og kvalitetsforbetring.

Rådmannen håpar at årsrapporten kan fungere som eit informasjonsdokument for innbyggjarane, næringsliv og andre interesserte.

Driftsrekneskapen syner eit mindre-/meirforbruk på kroner 0. Investeringsrekneskapen viser eit mindre-/meirforbruk på kroner 0.

Vurdering:

Viser til revisjonsmelding og vedlagt årsrapport.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ketil Ugelvik
Rådmann

Vedlegg (prenta):

Årsrapport med revisjonsmelding.

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: